

## Allsong på kaien på Huglo

23.07.2016



Musikk- og songgruppa frå Uskedalen, Kristian Bringedal, Reidar Myklebust og Hans Gustav Mussland.

**Det var på alle måtar ei vellukka tiltak då Reidar Myklebust, Hans Gustav Mussland og Kristian Bringedal tok turen til Huglo i dag med eit variert allsongprogram. Langt over 100 menneske var møtt fram på Huglabutikken der dagleg leiar, Venche Taranger, var vertsskap.**



Mykje folk samla ved Huglabutikken

Huglo ligg sentralt til i Sunnhordland med øyar og skipstrafikk på alle sider. Kjentmann på turen var sjølvsgatt Magne Huglen. Reisa gjekk rundt Laukhammar og opp Laukhammarsund. Retur gjekk framom Flakkavågen og Skorpo på Tysnes og vidare ut i fjorden ved Ånuglo.

Programmet i dag var om lag det same som på Oska laurdag 28. juni. Med eit frammøte på over 100 gjester var om lag halvparten hytte- og båtfolk. Gildt var det å møte familien Bjelland som i si tid budde Under Eikjo, men som kjøpte gard og flytta til Sør Huglo i 1957, Borna til Anna og Wilhelm Bjelland, Vigliv, Asgeir og Venche, var alle med på konserten i dag. Wilhelm Bjelland var mykje med i ungdomslaget i Uskedalen. Han har skrive ein av Uskedalssongane.

Song- og musikkgruppa frå Uskedalen hausta fagnad og vart invitert tilbake til Huglo når det elles måtte høva. Neste allsongprogram i Uskedalen er neste laurdag på OSKA.

De kan også lesa kva [Stordnytt.no](https://stordnytt.no) har skrive om den trivelege stunda [her](#).



Asgeir Bjelland i samtale med trubadur Reidar Myklebust, gamle kjenningar og naboar.



Dei tre trubadurane og kaptein Magne Huglen set kursen mot Huglo. (Foto: Thor Inge Døssland)  
Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal